

Mathias Hindenes Laastad  
Furulia 4  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 22/6568 - 22/73828

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
26.09.2022

## **Innvilga konsesjon for overtaking av eigedom - gbnr 182/1 Gausereide**

**Administrativt vedtak: Saknr: 1039/22**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Mathias Hindenes Laastad for overtaking av gbnr 182/1 på Gausreide i Alver. Den avtala kjøpesummen er på kr. 1 800 000.**

**Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga over.**

**Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjarane vil få melding når dette er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing.**

### **Saka gjeld**

Mathias Hindenes Laastad søker konsesjon for overtaking av gbnr 182/1 på Gausreide i Alver. Tidlegare eigar er Harald Låstad. Kjøpesummen er oppgitt til å vera kr 1 800 000. Underskriven kjøpekontrakt ligg ved søknad.

Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå kommunedirektøren. Konsesjon skal gjevest med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

Føremålet med kjøpet er å busetja seg på bruket å gjenoppta enkel drift med småfe. Søkjar har dei siste 5 åra slått og stelt dyrka mark samt jobba aktivt med vedproduksjon og skogsrydding. Han ynskjer å ordne grøfter og gjerder, samt setja i stand andre konstruksjonar på eigedomen er halde forsvarleg vedlike. Det vert opplyst at søker har jobba aktivt på dette gardsbruket sidan barndommen.

## Fakta om bruket

Planstatus:

Konsesjonsbruket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde).

Våningshus på bruket er brent ned og det er gitt byggeløyve frå kommunen til oppatt bygging. Dette vil verta gjennomført når papira på overtakinga er i orden.

Eigedomen lœ bygd ca. 1900 og garasje frå 1950 i dårleg stand.

Nibio gards kart syner at eigedomen er registrert med 9,2 daa fulldyrka areal, 3,2 daa overflate mark og 17 daa innmarksbeite. 290,2 daa er produktiv skog og 9,3 daa er anna 3,5 daa er bebygd/samferdsel. Sum eigedom er 332,4 daa.

Eigedomen ligg i eit område som i arealdelen av kommuneplanen er sett av til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF).

## VURDERING:

Søknaden er vurdert i høve til konsesjonslova og rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Konsesjonslova § 1 har som føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga.

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggast særleg vekt på følgjande punkt til fordel for søker:

1. *om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling*  
Det går fram av rundskriv M1/2021 frå Landbruks- og matdepartementet at bebygde landbrukseigedomar som har mindre enn 35 daa fulldyrka eller overflatedyrka jord og skal nyttast til landbruksføremål ikkje skal pris vurderast. Denne eigedomen fell inn under dette.
2. *om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i området*  
Eigedomen er konsesjonspliktig fordi den er over 100 daa. Den har mindre enn 35 daa fulldyrka og overflatedyrka, og er difor ein eigedom som ikkje har lovbestemt buplikt. Det er positivt at søker vil busetja seg der, men i tråd med gjeldande forvaltningspraksis vert det ikkje sett vilkår om buplikt
3. *om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing*  
Eigedomen har små jordbruksressursar, men det er positivt at søker vil starta opp med litt drift og sørga for at jord- og skog vert halde i hevd.

Kommunedirektøren vurderer at overtakinga vil gje ei driftsmessig god løysing.

Får 01. juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp mot erverv av eigedom. Nye eigarar må innan eitt år ta stilling til om dei vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet.

4. om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen.

Søkjar har praktisk erfaring frå arbeid på dette bruket sidan barndommen og kommunedirektøren vurderer han som skikka til å drive eigedomen.

5. Omsynet til heilskapleg ressursforvalting og kulturlandskapet

Ressursane skal disponerast på ein slik måte at produksjonsevne og utnyttingsevne vert teke vare på. Søkjar vil bu på garden og sørga for at jorda vert stelt, dette er viktig for å ivareta både produksjonsevna og kulturlandskapet på bruket. Rådmannen vurderer at overtaking vil ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltnign og kulturlandskapet.

#### Konklusjon

Etter ei samla vurdering vert konsesjon innvilga som omsøkt.

#### Regelverk

- Konsesjonsloven
- Rundskriv M 1-/2021 Konsesjon, priskontroll og boplikt

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/6568»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta  
Tenesteleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

#### Mottakarar:

Mathias Hindenes Laastad

Furulia 4

5913 EIKANGERVÅG